

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 21.05.2026
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: **Anne Marie Røed**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Eli-Johanne Rønnekleiv	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene: Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit Arild Steinsland, vara for soknepresten Rune Helland, vara for kommunal representant	

Fitjar, 15. mai 2026

Mette Elisabeth Lambach
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

2026-05-21

Sakliste:

SAK	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2026/31	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/32	Godkjenning av referat frå møte den 24. april 2026	X
2026/33	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/34	Soknemøte og årsrapport for 2025	X
2026/35	Satsar for leige av kyrkja for bryllupsseremoni	X
2026/36	Møteplan for soknerådet, 2. halvår 2026	X
2026/37	Gudstenesteliste for 2. halvår 2026	
2026/38	Gudstenesteutvalet, mandat og oppnemning av nytt medlem	
2026/39	Oppnemning av nye medlemmer til diakoninemnda	
2026/40	Informasjon frå kommunen i kyrkjebladet	
2026/41	Meldingar	X
2026/42	Open post	X

Vedlegg

1. Årsrapport for Fitjar sokn
2. Gudstenesteliste for 2. halvår 2026
3. Mandat for gudstenesteutvalet

Sak 2026/31 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2026/32 Referat frå møte den 24. april 2026

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 24. april 2026.

Sak 2026/33 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil soknepresten orientera om gudstenester og andre aktivitetar i kyrkjelyden sidan sist møte, samt aktivitetar som skal gjennomførast i kyrkjelyden i tida som kjem.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/34 Soknemøte og årsrapport for 2025

Fitjar sokn sin årsrapport for 2025, som var oppe til ein første gjennomgang på sist soknrådsmøte, er no ferdig. Rapporten er lagt opp etter same mal som dei siste åra, der innhaldet er utforma av soknerådet, ansvarlege for frivillige aktivitetar og tilsette på kyrkjekontoret.

Soknerådet har avgjort at soknemøte, der årsrapporten skal drøftast, skal vera i kyrkja etter gudstenesta den 7. juni.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet legg Fitjar sokn sin årsrapport ut til offentleg ettersyn. Rapporten vil verta gjort kjent på kyrkja si heimeside. Papirversjon av rapporten vert lagt ut i kyrkja og kan utleverast frå kyrkjekontoret på førespurnad.
2. Det vert kalla inn til soknemøte i Fitjar kyrkje etter gudstenesta søndag 7. juni 2026. Framlegging av årsrapport og vert einaste sak på møtet. Møtet skal kunngjerast i Bladet Sunnhordland og på kyrkja si heimeside.

Sak 2026/35 Satsar for leige av kyrkja til bryllupsseremoni

Frå tid til anna er det folk som vil gifta seg i Fitjar kyrkje som ikkje er medlemar eller bur i kommunen. Då er det opna for at kyrkja kan ta seg betalt for seremonien. Soknerådet har tidlegare vedteke at det skal betalast kr. 4.000 når kyrkja vert leigd ut til gravferd for folk som ikkje er busette i kommunen. Denne summen skal då dekkja kontor, kyrkjetenar og leige av kyrkjebygget. Det er ikkje sagt om denne satsen og skal brukast på bryllup, men eg meiner den kan vera eit greitt utgangspunkt.

Sidan gravferdene føregår i arbeidstida på kvardagar, medan vigslar som regel vert halden på ein laurdag, vil det som regel vera større kostnader med å ha dei tilsette på jobb ved brudevigsle. Difor føreslår eg at me har ein pris på kr. 5000 for brudevigsler. Dette er det same som for kyrkjene på Stord og Nysæter. Dersom det skal betalast for prest i tillegg vert det prostens sitt ansvar å krevja inn. Det hender at brudepar tek med seg eigen kontor/organist. Då er det rett å gje avslag i prisen som skulle dekkja denne tenesta.

Det er viktig at me har ryddige retningslinjer når det gjeld kven som skal betala og ikkje. Elles kan me verta skulda for usakleg forskjellsbehandling. Når me brukar uttrykket «utanbygds» meiner me folk som ikkje er busette/innbyggjarar i kommunen.

Eg vil føreslå at me kan ha eit unntak for brudevigsler. Det er fint at folk som har vakse opp i Fitjar og hatt tilknytning til kyrkja vil komma heim for å gifta seg eller døypa borna her. Me kan ha ein regel som seier at dersom den eine av brudefolka er døypt- og/eller konfirmert i Fitjar, skal dei sleppa betaling for brudevigsle.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet går inn for at leige av kyrkja, kontor og kyrkjetenar i samband med brudevigsler for utanbygds innbyggjarar skal ha ein pris på kr. 5.000. Dersom brudeparet har med eigen kontor/organist kan kyrkjevevja redusera prisen.
2. Dersom den eine av brudefolka er døypt- og/eller konfirmert i Fitjar skal dei sleppa betaling for brudevigsle.

Sak 2026/36 Møteplan for soknerådet 2. halvår 2026

Soknerådet sitt AU har i møte sett opp framlegg til møtedatoar for soknerådet for 2. halvår. Framlegget legg opp til at torsdag kl. 18.30 vert fast vekedag og klokkeslett. Arbeidsutvalet legg opp til å ha førebunde møte om lag to veker før det skal vera sokneråd.

Datoane som AU føreslår for sokneråd:

17. september, 15. oktober, 12. november og 10. desember.

Datoar for møte i arbeidsutvalet:

9. september, 30. september, 28. oktober og 25. november.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet fastset desse møtedatoane for 2. halvår 2026:

Sokneråd

17. september, 15. oktober, 12. november og 10. desember.

Arbeidsutval

9. september, 30. september, 28. oktober og 25. november.

Sak 2026/37 Gudstenesteliste for 2. halvår 2026

Soknepresten har i samråd med AU og staben sette opp gudsteneste- og offerliste for 2. halvår 2026. Planen er utarbeida på grunnlag av dei hendingane som føl kyrkjeåret, samt lokale tiltak i tråd med den trusoppføringsplanen og andre lokale tradisjonar.

Meir informasjon er å finna i gudstenesteplanen som ligg ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudstenesteplanen med offerliste for 2. halvår 2026 slik den ligg føre.

Sak 2026/38 Gudstenesteutvalet, mandat og oppnemning av nytt medlem

Gjennom mange år har kyrkja i Fitjar hatt eit gudstenesteutval som har vore sett saman av tilsette og frillige medarbeidarar. Til no har ikkje utvalet hatt mandat som er vedteke av soknerådet å arbeida utfrå, sjølv om det har vore eit og anna utkast oppe til vurdering. Soknerådet har på fleire møte det siste året teke til orde for å få på plass eit mandat, men ville venta til ny sokneprest var på plass. Det er naturleg at soknepresten får vera med og setja sitt preg på dette arbeidet.

No har soknepresten, i samarbeid med soknerådet sitt arbeidsutval og kantoren, utarbeida eit framlegg til mandat som vert lagt fram for soknerådet. Meir informasjon om saka kan de finna i framlegget som føl innkallinga.

Då Mette Lambach tok på seg å vera soknerådsleiar, valde ho å gå ut av gudstenesteutvalet. Dersom mandatet til gudstenesteutvalet vert vedteke slik det ligg føre må eitt av medlemane i soknerådet gå inn som nytt medlem.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet vedtek mandatet for gudstenesteutvalet slik det ligg føre.
2. _____ vert oppnemnt som rådet sitt medlem i gudstenesteutvalet for resten av soknerådsperioden.

Sak 2026/39 Oppnemning av nye medlemmer til diakoninemnda

To av medlemmane i diakoninemnda har sagt i frå at dei ynskjer å få fritak frå arbeidet i nemnda. Det gjeld leiar Grete Sætre som vil stå i tenesta fram til 1. august og Inger Marie Gilje fram til 1. januar 2027. Soknerådsleiaren arbeider for tida med å finna nye kandidatar som kan tenkja seg å gå inn i diakoninemnda. Dette vil det bli orientert meir om på møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner _____ som nytt medlem i diakoninemnda frå 1. august 2026 og _____ frå 1. januar 2027. Begge vala gjeld for resten av soknerådsperioden.

Sak 2026/40 Informasjon frå kommunen i kyrkjebladet

Karvel Strømme er for tida leiar i Fitjar kommune sitt eldreråd og medlem i redaksjonen for kyrkjebladet. Han har på vegner av eldrerådet teke kontakt med soknerådsleiaren, for å høyra om det kunne vore muleg å få eit par sider i kyrkjebladet med offentleg informasjon frå kommune, særleg tilpassa eldre som ikkje orienterer seg på digitale plattformer.

Spørsmålet vert først retta til soknerådet. Dersom rådet er positivt innstilt for å få dette til, vil eldrerådet ta opp spørsmålet om tilskot med kommunen. Utgangspunktet for eit slikt samarbeid må vera at redaksjonen i kyrkjebladet får levert ferdig stoff frå kommunen, og at kommunen betalar ein forholdsmessig del av kostnadane med trykking og distribusjon av bladet.

Soknepresten, som og er med i redaksjonen for kyrkjebladet, kan orientera meir om saka i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stiller seg positiv til eit samarbeid der kommunen v/ eldrerådet får høve til å ha med offentleg informasjon i kyrkjebladet.

Dersom kommunen vil vera med på samarbeidet, får kyrkjeverja, i samråd med redaksjonen fullmakt til å avtala nærare vilkår når det gjeld kostnadsdeling m.m.

Sak 2026/41 Meldingar

På møtet vil det bli orientert om desse sakene:

- a) Høyring om overordna plan for KUL- kyrkjeleg undervisning og læring (Eli- Johanne)
- b) Vegkryss- kyrkja sitt ungdomsting i Bjørgvin 29. – 30. august 2026 (Eli- Johanne)
- c) Nye kyrkjevertar etter Ingrid og Arne Devik (Svein)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2026/42 Open post

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka